

Til foreldre/føresette på Seim skule

Om deltaking på julegudsteneste

Seim skule har som tradisjon å arrangere julegudsteneste i Seim kyrkje. I år skal elevane samlast i kyrkja onsdag 14. desember kl.10.00. Elevar frå ulike klasser skal syngje, tenne adventslys og lese juleevangeliet. Presten held tale og i tillegg skal alle i tradisjon tru syngje salmar og songar knytt til jula sitt kristne budskap og innhald.

Opplæringslova seier følgjande om fritak frå forkynning og/eller utøving av ein religion:

Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum. (Oppll §2-3a: Fritak)

I tråd med dette har de høve til å be om fritak frå julegudstenesta. Kva som vert opplevd som forkynning eller utøving av ein religion, er det de foreldre/føresette som må avgjere. De kan velje om barnet dykkar skal vere med på julegudstenesta eller på eit alternativt opplegg på skulen der humanistiske verdier og høgtider i religionar generelt vil vere tema. Nedst på denne sida krysser de av for det alternativet de ynskjer og sender lappen i retur til kontaktlærer innan onsdag 7. desember.

Venleg helsing

Anne Wergeland
rektor

Kryss av for det alternativet de ynskjer:

_____ Eg/vi ynskjer at _____ deltek på julegudstenesta.
eleven sitt namn

_____ Eg/vi ynskjer at _____ deltek på det alternative opplegget på skulen.
eleven sitt namn

underskrift foreldre/føresette

Retur til skulen onsdag 7. desember 2016